



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Hjørundfjord
Dato: 16.09.2019
Møtet starta Kl. 13.00
Møtet slutta Kl. 14.15

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar.
Stina Aasen Lødemel	Medlem.
Peder Slenes	Medlem.
Kari Janne Myklebust	Medlem. Frå sak 33.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
Kristin Vik	Seksjonsleiar helse og velferdstenester

SAKLISTE

- SAK 30/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 31/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 32/19 MELDINGAR
- SAK 33/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 34/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET
- SAK 35/19 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 36/19 TILSYNSRAPPORT – RAPPORT FRÅ TILSYN MED HELSE- OG
OMSORGSTENESTER TIL BARN I AVLASTNINGSBUSTAD I ØRSTA
KOMMUNE 2018

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/19	033	24.06.2019	16.09.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Peder Slenes.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/19	049	24.06.2019	16.09.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27.05.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 27.05.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/19	033&17	09.09.2019	16.09.2019	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

1. Forskrift om kontrollutval og revisjon, av 17.06.2019.
2. E-post, tilbakemelding på «ØR 01-19 SAK 03/19 MELDINGAR», av 15.08.19.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/19	033&58	23.08.2019	16.09.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet håpar på at det nye saksbehandlingssystemet fører til at saksdokument blir meir tilgjengelege for ålmenta.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenter finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb>
og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet						
Eldrerådet	23.04	22.08	29.08			
Formannskapet	30.04	21.05	11.06	18.06	13.08	27.08
Formannskapet som klageutval						
Formannskapet som klageutval - for klientsaker og barnehageopptak						
Kommunestyret	09.05	20.06	05.09			
Landbruksnemnda	04.04					
Levekårsutvalet	10.04	29.05	21.08			
Råd for likestilling av funksjonshemma	23.04	28.08				
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt						
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	13.05					
Samfunnsutvalet	30.04	19.06				
Samfunnsutvalet som – trafikktryggingnemnd		19.06				
Ungdomsrådet						
Valstyret	19.03					
Vilt- og innlandsfiskerinemnda						
VØR IKS Styret	30.04	11.06				
VØR IKS Representantskapet		21.05				
VØR IKS Klageutvalet						
Retura Søre Sunnmøre AS						

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/19	033	02.09.2019	16.09.2019	KS

EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det blir gitt tilbakemelding til kontrollutvalssekretariatet innan 23.09.2019.
2. Kontrollutvalet vonar evalueringa vil bidra til ei god tilrettelegging for kontrollutvalet i kommande valperiode

Vedlegg

1. Skjema for evaluering av kontrollutvalet
2. Side 77-80 frå kontrollutvalsboka

Saksopplysningar

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å være ein pådrivar for læring og utvikling i kommunen vår, det kan difor være nyttig for kontrollutvalet å evaluere eget arbeid.

Kontrollutvalsperioden går mot slutten og det er viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Kapittel 11 i kontrollutvalsboka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariat og revisjonen sitt arbeid. No er snart valperioden 2016-2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining vere bra at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden.

Skjema ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å vera med i ei slik evaluering.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/19	151	02.09.2019	16.09.2019	JS/KS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 75.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2020. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet.

Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte.

Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2020 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

I møtet

Kontrollutvalet meiner at midlane til opplæring må styrkast. Dette er spesielt viktig i starten av ei ny valperiode.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/19	099	04.09.2019	16.09.2019	KS

TILSYNSRAPPORT – RAPPORT FRÅ TILSYN MED HELSE- OG OMSORGSTENESTER TIL BARN I AVLASTNINGSBUSTAD I ØRSTA KOMMUNE 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

Vedlegg

1. Tilsynsrapport frå Fylkesmannen, av 25.02.2019

Saksopplysning

Fylkesmannen utførte tilsyn i Ørsta kommune 10.09.2018 – 22.02.2019 og besøkte i den forbindelse Dalevegen avlasting.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld systematisk styring og leiing, sikrar at barn får forsvarlig helse- og omsorgstenester i kommunal avlastingsbustad.

Tilsynet vurderte kommunen si tenesteyting når barn oppheld seg i avlastingsbustaden.

Tilsynet avdekte tre avvik. Tre forhold er kommentert som merknad.

Avvik nr. 1

Ørsta kommune har ikkje eit system som sikrar forsvarleg tenesteyting i avlastningsbustaden gjennom planlegging og kontroll.

Det er brot på helse- og omsorgstenesteloven §§ 4-1 og 4-2, ff. 3-6, nr 2, jf. Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring § 6 g).

Avvik nr. 2

Ørsta kommune har ikkje eit system som sikrar at alle tilsette får opplæring i førstehjelp.

Det er brot på: Helse- og omsorgstenesteloven § 4-1 bokstav c og d, jf. Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring § 6 f).

Avvik nr. 3

Ørsta kommune sikrar ikkje at legemiddelhandtering i verksemda er i tråd med gjeldande regelverk.

Det er brot på: *Helse- og omsorgstenesteloven § 4-1 bokstav c og d, jf. Forskrift om legemiddelhandtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp § 7, og forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta § 7 b) og c).*

Oppfølging av lovbrøt

Ørsta kommunen blir bedt om å leggje fram ei plan for retting av lovbrøta som minimum inneheld følgjande fire element:

- Tiltak som skal settast i verk for å rette lovbrøta.
- Korleis leiinga vil følgje med på og kontrollere at tiltak er sett i verk.
- Korleis leiinga vil gjennomgå om tiltaka har virka som planlagt etter at dei har fått virke ei stund.
- Når avvika skal vere retta og verksemda sine eigne fristar for å sikre framdrift.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding med ein slik plan innan 15.03.2019

Viser til rapporten for meir informasjon.

Kontrollutvalssekretariatet har etterspurt tilbakemelding med frist 19.08.2019 og vonar likevel å få tilbakemeldinga før kontrollutvalsmøte 02.10.19.

I møtet

Seksjonsleiar helse og velferdstenester Kristin Vik kom i møtet med det skriftlege materialet for lukking av avvik, ho møtte, orienterte og svara på spørsmål.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Peder Slenes
-medlem-

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.